



Sak nr 32/2012

Møtedato: 20.6.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Tilretteleggingstiltak på Haugvørpe

Fjellstyret såg på ulike tilretteleggingstiltak på Haugvørpe under befaring den 18.6.12 saman med Statskog. Tiltak går fram av skisse.



Under befaringa drøfta ein problemet med at båtar ligg lagra i fleire år utan at dei er i bruk. Statskog signaliserte at det vil bli stilt krav om at alle båtar som er lagra ved vatn i allmenningen skal merkast med namn/adresse/telefonnummer og at båtar skal fjernast etter sumarsesongen. Aktuell tid for fjerning av båtar bør vera i starten av oktober.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å gjennomføre dei skisserte tiltaka i 2013.

Fjellstyret ber Statskog gjera kjent nye reglar for plassering/lagring av båtar. Fjellstyret vil informere om dette på si nettside og informasjonstavler når Statskog har stadfesta nye reglar. Fjellstyret ber om ei snarleg avklaring på reglane, slik at brukarane blir informert i god tid.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog